



Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/5606-3

## **Arrangementstøtte NM i friidrett Byrkjelo**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet viser til at det alt er løyvd kr 100 000 til NM i friidrett på Byrkjelo 2018, jf administrativt vedtak av 06.12.2017. Det vert ikkje løyvd ytterlegare midlar til NM i friidrett på Byrkjelo i 2018.

#### **Vedlegg:**

1. Notat til FU 16.04.2018
2. Søknad frå Breimsbygda idrettslag av 04.04.2018
3. Løyvingsbrev av 06.12.2017
4. Søknad frå Breimsbygda idrettslag av 10.09.2017

#### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Arrangørane av NM i friidrett på Byrkjelo i 2018 søkte hausten 2017 fylkeskommunen om støtte til arrangementet. Arrangørrepresentantar møtte då fylkesdirektør for næring og kultur for å presentere søknaden.

Søknaden var to-delt. Det vart søkt om kr 310 000 til å gjennomføre arrangementet og kr 37 000 til utstyr på stadion. Arrangøren vart gjort merksam på at det kan søkjast spelemidlar til utstyret. Gloppen kommune, som anleggseigar, vart oppmoda om å søkje spelemidlar til idrettsanlegget 15. januar 2018. Denne søknaden er godkjend og vert vurdert i sak om løyving av spelemidlar i hovudutval for næring og kultur 30. mai 2018.

Fylkesdirektøren handsama deretter søknaden om arrangementsstøtte. Handsaminga vart gjort i medhald av delegert mynde, jf delegasjonsreglementet pkt 4.9, 3. ledd. Fylkesdirektøren løyvde kr 100 000 til arrangementet i vedtak av 06.12.2017. I vedtaket heiter det:

Fylkesdirektøren har funne rom i budsjettet til å løyve 100.000 til arrangementet.

Fylkesdirektøren føreset at midlane vert sett av til gjennomføringa av idrettsdelen av arrangementet, med fokus på gjennomføring av arrangementet og styrking av arrangørkompetansen hjå Breimsbygda idrettslag som arrangør, og Byrkjelo Stadion som arrangementsarena.

#### ***Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av midlane:***

- Arrangementet må vere gjennomført i samsvar med søknad.
- Rapport og revidert rekneskap må leverast. Siste frist for rapportering er 1. november 2018.

Tilskotet vert utbetalt på oppmoding frå dykk.

Arrangørane sende ein søknad nummer to i april 2018. Første søknaden vart handsama i nærings- og kulturavdelinga - som rette fagavdeling. Fylkesdirektøren fatta vedtak i saka i medhald av delegert mynde, jf delegeringsreglementet pkt 4.9, 3. ledd. Ettersom søknad nr to var stila til FU, valde fylkesrådmannen å orientere FU i møte 16.04.2018. FU ba om å få søknaden lagt fram som ordinær sak til 02.05.2018.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Dei to nemnde søknadene er identiske. Så langt fylkesrådmannen kan sjå er det ikkje lagt til nye opplysningar i av vesentleg karakter i sist innkomne søknad. Dei søker no om kr 210 000 til arrangementet og ønskjer å knyte dette til marknadsføring, og utvikling og gjennomføring av den «ikkje-idrettslege» delen som dei vurderer som svært viktig for totalkonseptet. I tillegg søker dei også om kr 37 000 til utstyr til stadion.

Sogn og Fjordane har mange dyktige arrangementsmiljø innan kultur og idrett. Store arrangement mobiliserer breitt, og mykje av arbeidet som vert lagt ned er dugnadsbasert. Fylkeskommunen kan støtte opp om desse miljøa med fagleg/administrativ og politisk støtte, og ved å yte tilskot. Ved bruk av spelemidlar bidrar vi dessutan til å utvikle gode anlegg til bruk også i samband med store konkurransar, som NM i friidrett. NM i friidrett nyttar den «ikkje idrettslege» delen av konseptet til arena for sunn mat og marknadsføring av lokale matprodusentar, noko fylkesrådmannen vurderer gir regional verdi, men truleg med avgrensa nasjonale ringverknader for reiselivet.

I fylkeskommunen sitt budsjett vert tilskot til eksterne kultur- og idrettsaktørar handtert på tre måtar. I budsjettvedtaket i desember vert tilskot til Musea i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane idrettskrins fastsett av fylkestinget. Så er det sett av ein sum til disposisjon for HNK. Desse midlane går til nyskapings- og utviklingstiltak. Midlar avsett til kulturføremål (fylkesdekkande kulturorganisasjonar og tiltak) vert lyst ut ein gong i året med søknadsfrist 1.mars, og handtert ut frå retningsliner fastsett av HNK. Fylkesrådmannen har fått delegert mynde til å fordele midlane. Fylkesrådmannen har vidaredeleget myndet til fylkesdirektør for næring og kultur.

I Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har vi som mål at større idrettsarrangement (nasjonale og internasjonale) vert lagt til Sogn og Fjordane. Vi har ikkje spesifikke ordningar og/eller retningslinjer for tilskot til denne typen arrangement. Likevel vert det mest årleg søkt om og gitt støtte til slike arrangement. Storleiken på desse løvningane varierer med typen arrangement, kostnader og søknadssum. I hovudsak vert det her gitt støtte i storleik kr 25 000 til kr 100 000. Ettersom vi ikkje har eigne retningslinjer for tilskot til idrettsarrangement, er det heller ikkje sett noko øvre eller nedre grense for storleik på slike tilskot.

Fylkesrådmannen viser til den handsaminga søknaden fekk hausten 2017 og fylkesdirektøren sitt vedtak i saka, der det er fokus på å støtte idrettsdelen i arrangementet. Fylkesrådmannen meiner vi må sjå på dette som vedtak i saka om tilskot til NM friidrett 2018. Fylkesrådmannen ser såleis ikkje grunnar til at fylkeskommunen skal yte ytterlegare støtte til NM i friidrett.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til saksframstillinga og vurderinga over, og vil ikkje rá til at det vert løyvd ytterlegare tilskot til NM i friidrett 2018.